

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 92/2019

2020/EØS/44/47

av 29. mars 2019

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommissjonsavgjerd (EU) 2018/813 av 14. mai 2018 om det sektorvise referansedokumentet om beste miljøstyringspraksis, sektorspesifikke indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet for landbrukssektoren i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XX, etter nr. 1eal (Kommissjonens gjennomføringsbeslutning (EU) 2017/2286), skal nytt nr. 1eam lyde:

”1eam. **32018 D 0813:** Kommissjonsavgjerd (EU) 2018/813 av 14. mai 2018 om det sektorvise referansedokumentet om beste miljøstyringspraksis, sektorspesifikke indikatorar for miljøprestasjon og standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet for landbrukssektoren i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) (EUT L 145 av 8.6.2018, s. 1).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd (EU) 2018/813 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 30. mars 2019, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 29. mars 2019.

For EØS-komiteen

Claude Maerten

Formann

⁽¹⁾ TEU L 145 av 8.6.2018, s. 1.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.